



Storneset AS
Leknesvegen 9
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/73 - 18/12740

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
19.04.2018

Svar på brev av 19.04.18 vedkommande avkøyrslø - gbnr 134/400 - Hilland

Viser til ditt brev datert 19.04.2018.

Området er regulert og avkøyrslø går rett over friområde F3. I tillegg til avkøyrslø kan det også sjå ut til at det er etablert biloppstillingsplass innanfor F3.

Som du tidlegare har fått tilbakemelding om er avkøyrslø ikkje i samsvar med plan og det må eventuelt søkast om dispensasjon for tiltaka. Det er vidare ikkje pårekeleg at byggesak kan være positiv til å gje dispensasjon i saka då endringa påverkar arealbruken innanfor planområdet, noko som normalt avklarast i ein planprosess.

Dersom du ynskjer å fortsette prosessen og ikkje søke om planendring må du sende inn søknad om dispensasjon. Vidare må alt dette nabovarslast og det må sendast inn ein komplett søknad om dispensasjon, bygging av veg (og parkering) og etablering av avkøyrslø.

Frist for retting har gått ut og kommunen har anledning til å starte innkrevjing av dagmulkt. Vi vil likevel gje ein frist til 30.05.18 med å sende inn komplett søknad eller rette på dei ulovlege tilhøva.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt rådgjevar Per Sveinar Morsund.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:



Vedlegg:
arealplankart

Mottakrar:
Storneset AS

Leknesvegen 9 5915

HJELMÅS